



Foto: Signe Vreim Østtvæit

# ÅRSMELDING BØ SOKNERÅD 2023

Godkjent i Bø sokneråd 20. februar 2024

Angelika Faber Karsrud

## 1 INNHOLD

---

|   |    |
|---|----|
| 2 Innleiing .....   | 3  |
| 3 Særskilde hendingar i 2023 .....  | 3  |
| 3.1 Ulike gudstenester.....   | 3  |
| 3.2 Familiegudsteneste .....  | 4  |
| 3.3 Kveldsgudsteneste.....  | 4  |
| 3.4 Frivillig klokkarteneste og powerpoint-styring.....                                   | 4  |
| 4 Gravferd.....   | 4  |
| 5 Vigsel .....  | 4  |
| 6 Trusopplæring .....   | 5  |
| 6.1 Dåpssamtale og dåpsgudsteneste.....   | 5  |
| 6.2 Babysong og musikkleik (alder: 1 år).....   | 5  |
| 6.3 Familiedag på Jønnbu Fjellkyrkje (alder: 3-5 år).....                                 | 5  |
| 6.4 Søndagsskulen (alder: 3-9 år).....  | 5  |
| 6.5 Utdeling av 4-årsbok og 4-årsklubb (alder: 4 år).....                                 | 5  |
| 6.6 Karnevalsgudsteneste med førebuande samling. Utdeling av 6-årsbok (alder: 6 år) ..... | 6  |
| 6.7 Juleforestillingar (alder: 7-8) .....   | 6  |
| 6.8 Internasjonal gudsteneste og måltid (alder: 9 år).....                                | 6  |
| 6.9 Give me Five (minikonfirmantar) (alder: 10-11 år) .....                               | 6  |
| 6.10 Fordjuping i Bibelgjengen (alder: 10-12 år).....                                     | 6  |
| 6.11 Mesternes mester (alder: 12-13 år) .....   | 6  |
| 6.12 Konfirmasjon (alder: 14-15 år) .....   | 6  |
| 6.13 Sett-ungdom.....   | 7  |
| 6.14 Korarbeid og orgelklubb .....  | 8  |
| 7 Diakoni.....  | 9  |
| 7.1 Diakoniutval.....   | 9  |
| 7.2 Tru og lys .....  | 9  |
| 7.3 Kirkens Nødhjelp .....  | 9  |
| 7.4 Bønn for bygda .....  | 10 |
| 8 Misjonsprosjektet.....  | 10 |
| 9 Givarteneste .....  | 10 |
| 10 Kultur .....   | 11 |
| 11 Rådsarbeid.....  | 11 |
| 11.1 Soknerådet .....   | 11 |



# Årsmelding Bø sokneråd 2023

|      |                           |    |
|------|---------------------------|----|
| 11.2 | Arbeidsutval.....         | 12 |
| 11.3 | Kyrkjeleg fellesråd ..... | 12 |
| 11.4 | Utval .....               | 12 |
| 12   | Informasjonsarbeid .....  | 13 |
| 12.1 | Bø kyrkjeblad .....       | 13 |
| 13   | Personal og økonomi.....  | 13 |
| 13.1 | Fellesrådstilsette .....  | 13 |
| 13.2 | Økonomi.....              | 14 |



## 2 INNLEIING

---

Bø sokneråd arbeider under visjonen "*Vi vil skape ein møteplass mellom Gud og menneske og menneske imellom.*" Saman med mange frivillige og staben er det mange gode møteplassar og aktivitetar gjennom året.

## 3 SÆRSKILDE HENDINGAR I 2023

---

### Kyrkjeval

Kyrkjevalet blei gjennomført samtidig med kommunevalet i år. Det blei tilrettelagt for førehandsstemming på kontoret i arbeidstida og ein ettermiddag/kveld den 31. august. Den 10. og 11. september hadde Bø sokn vallokala sine i Gullbring kulturanlegg. Oppteljinga skjedde på kyrkjekontoret. Valdeltakinga var på 7 %.

### Ny kapellan

Etter at kapellan Kristian Gotehus Køhn slutta som kapellan september 2021 og gjekk over som studentprest ved Universitetet i Søraust-Noreg, har kapellanstillinga vore utlyst tre gonger utan at det har vore søker med fullført cand.theol. Stillinga blei utlyst på nytt som ei PU-stilling – prest under utdanning. Det kom inn fleire gode søkerar og Per Inge Bergem Håland frå Skien vart tilsett i 60 % stilling og innsett av prost Asgeir Sele den 10. september i Bø kyrkje. I tillegg har vikarprest Berit Bjørnerud vore tilgjengeleg i 20 % på enkelte oppdrag med gudstenester og gravferder.

### Planar for nytt livssynsåpent kapell på Bøhaugen

Prosjektet med ombygging av Tomaskapellet og det gamle driftsbygget viste seg å bli betydeleg dyrare enn estimert, og bygginga blei difor heller ikkje igangsett i 2023.

### Ny kyrkjeverje

7. juni vart det gjort tilsetting av ny kyrkjeverje i Midt-Telemark Fellesråd. Angelika Faber Karsrud (55) takka ja til stillinga, og overtek etter vikar Alf Rose Sørgaarden som blei kyrkjeverje i Hjartdal. Karsrud starta opp i august og kyrkjelyden er særslig nøgd med at ein endeleg har fått plass ein kompetent og spennande kyrkjeverje. Angelika Faber Karsrud har kome godt inn i verksemda.

### 3.1 ULIKE GUDSTENESTER

Det blei halde 67 gudstenester i Bø sokn i 2023, 33 med nattverd. Av desse var det 51 gudstenester i Bø kyrkje, 3 gudstenester på Bø sjukeheim, 3 gudstenester på Jønnbu, 2 gudstenester i Bø gamle kyrkje, 8 gudstenester på Bø bedehus. For å spare på straumen blei gudstjenestene i februar og mars flytt til Bø bedehus.

*Tru og lys* hadde 5 gudstenester med nattverd i Tomaskapellet. Sjå punkt 7.2.

Det blir halde fleire ulike gudstenester i Bø kyrkjelyd. Hovudgudstenestene i Bø er høgmesse med nattverd. I tillegg har vihatt:

- 6 familiegudstenester
- 6 kveldsgudstenester kl. 17.00

# Årsmelding Bø sokneråd 2023

1 fellesmøte med Soar, Normisjon og kyrkja på bedehuset  
 1 fellesgudsteneste med Soar, Normisjon og kyrkja  
 1 samtalegudsteneste for konfirmantane  
 3 konfirmasjonsgudstenester  
 1 gudsteneste med skriftemål og nattverd på askeonsdag  
 1 minnegudsteneste  
 2 friluftsgudstenester saman med Sauherad og Nes - Skaparverkets dag på Evju bygdetun og gudsteneste ved Dampfarveriet  
 2. pinsedag er det 5 korte pilegrimsgudstenester i Bø gamle kyrkje for dei som går frå Nes til Bø.  
 Gjennomsnittleg besøkstal for gudstenestene i kyrkjelyden i 2023 var 86. Dette er noko høgare enn i fjor med 79 som snitt.

## Høgmesse

Høgmesse med nattverd er godt innarbeidd i vår kyrkjelyd. Til ei vanleg høgmesse er det eit frammøte på ca. 40-50 personar.

### 3.2 FAMILIEGUDSTENESTE

Familiegudstenestene er dei gudstenestene som famnar fleire generasjonar og som har størst oppslutning. Det er mange som kjem når barnekora eller *Give me five* deltek.

I år har det vore 6 familiegudstenester med god oppslutning.

### 3.3 KVELDSGUDSTENESTE

Vi har hatt 6 kveldsgudstenester i 2023. Dei startar kl. 17 og har ei litt kortare liturgisk ramme med forbønn i starten av gudstenesta. Oppmøtet har vore ganske bra blant både unge og eldre. 4 av desse kveldsgudstenestene har vore på Bø bedehus, slik at det er mogleg å arrangere kyrkjekaffi, der folk kan sitte igjen og bruke tid på å bli betre kjent.

### 3.4 FRIVILLIG KLOKKARTENESTE OG POWERPOINT-STYRING

Frivillig klokkarteneste i Bø kyrkje vert utført av fire personar på rundgang. Det er berre ein friviljug som har ansvar for PowerPoint og som tek seg av dette når vi brukar PowerPoint i familie- og kveldsgudstenester.

## 4 GRAVFERD

---

Det blei halde 48 gravferder i 2023. Prest, organist og kyrkjetenar som møter dei sørgande i samband med seremonien, er opptekne av å gjennomføre gravferdene på ein verdig måte. Det same gjeld dei tilsette på kyrkjekontoret som legg til rette for gravferda administrativt.

## 5 VIGSEL

---

Det har vore 8 vigslar dette året med ca. 320 bryllaupsgjester.

## 6 TRUSOPPLÆRING

---

### 6.1 DÅPSSAMTALE OG DÅPSGUDSTENESTE

Dei fleste dåpssamtalene går føre seg heime hos familiene. Det er ein fin måte å bli kjent på.

Familiene slappar ofte meir av heime og dei slepp å reise ut med dåpsbarnet.

På dåpssamtala deler presten ut informasjon om trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden, og dåpsbarnet får ein papiрengel med songen «Kjære Gud, eg har det godt». Under dåpsgudstenesta får kvart dåpsbarn ein barnebibel, og *Give me Five* har laga kvite duer som vi henger på «dåpstreet» i kyrkja for kvart barn som blir døypt. Her har vi gått tomt for nye duer og praksisen med dåpsduer har stansa opp. «Dåpstreet» skal minne kyrkjelyden om å be for barna som er døypte hos oss. Frå 2024 sluttar vi å gi barnebibel til dåpsbarna og i staden får dåpsforeldre boka *Arvegull*. Barnebibelen får barna seinare.

Vi er opptekne av at dei som blir døypte og familien skal oppleva at dei blir godt tatt imot av kyrkja, og vi inviterer dei med på det som skjer av aktivitetar og trusopplæringstiltak i kyrkjelyden, mellom anna babysong og musikkleik, som er for dei aller minste.

### 6.2 BABYSONG OG MUSIKKLEIK (ALDER: 1 ÅR)

Det har var god påmelding til både *Babysong* og *Musikkleik* vår og haust i 2023. Desse kursa går over 8 gonger kvart semester, med samlingar annakvar veke. Mange ville og vere med på musikkleik i vårsemesteret, og dei blei delt opp i to ulike grupper med ca 10 barn i kvar gruppe. Haustsemesteret hadde litt færre deltagarar, og det blei ei stor gruppe på 13 barn (med foreldre) som hadde samling annakvar veke. Begge desse tilboda blir annonsert kvar vår og haust i Bø blad. I tillegg får foreldre informasjon og invitasjon i dåpssamtala, samt at det ligg informasjon om tilboda på helsestasjonen.

Når barna har fylt 3 år, får dei invitasjon til å vere med i *Minikoret*.

### 6.3 FAMILIEDAG PÅ JØNNBU FJELLYRKJE (ALDER: 3-5 ÅR)

Jønnbu fjellkyrkje er ein flott stad å samle barn og familiar. Trusopplæringstiltaket med skileik for 3-5-åringar vart arrangert i slutten av januar med gudsteneste først, der Minikoret deltek og «Ungdom i Oppdrag» frå Skien. Ein ungdomsleiar frå *Ungdom i Oppdrag* hadde preike. Etterpå var det pølsjer og skileik. Dette tiltaket famnar ikkje så mange som vi ønskjer. Mogleg at familiedagen bør vere i februar- mars.

### 6.4 SØNDAGSSKULEN (ALDER: 1-12 ÅR)

Søndagsskulen er eit stort og viktig arbeid i vår kyrkjelyd, og den har ein flott og trufast gjeng med 5 leiarar og to grupper. Mange barn og familiar finn vegen til kyrkje når det er søndagsskule, som til vanleg er ein gong i månaden.

### 6.5 UTDELING AV 4-ÅRSBOK OG 4-ÅRSKLUBB (ALDER: 4 ÅR)

Utdelinga av 4-årsboka er ein lang tradisjon i kyrkja. I år blei det gjort på ei felles gudsteneste med Sauherad og Nes kyrkjelyd i Sauherad kirke i slutten av august. 4-årsklubben var også felles med Sauherad og Nes og hadde 4 samlingar på Nes menighetshus i september. 14 barn var innom 4-

## Årsmelding Bø sokneråd 2023

årsklubben, 2 av dei var frå Bø. 18 barn fekk boka på gudstenesta eller på klubben, 5 av dei var frå Bø.

### 6.6 KARNEVALSGUDSTENESTE MED FØREBUANDE SAMLING. UTDELING AV 6-ÅRSBOK (ALDER: 6 ÅR)

Dette året, som forrige år, blei det ikkje halde noko samling for 6-åringane, grunna låg påmelding. Alle 6-åringane som er døypte blei invitert med personleg brev, og påmeldinga låg enkelt tilgjengeleg på kyrkja si nettside.

Barnekora og *Give me Five* deltok uansett i ei flott karnevalsgudsteneste. Her var det mykje musikk og dramatisering av bibelforteljing med meir.

### 6.7 JULEFORESTILLINGAR (ALDER: 7-8)

Lucia-morgen i Bø kyrkje har blitt ein fin tradisjon, og ein «snakkis» på bygda. SingLett, Seltin og Helga Samset framførte historia om Lucia med song og forteljing. Heile 185 personar dukka opp for å få med seg førestilling og frukost i kyrkja klokka 07.00 den 13. desember.

### 6.8 INTERNASJONAL GUDSTENESTE OG MÅLTID (ALDER: 9 ÅR)

På planen skal 9-åringane bli invitert på eit *Orgelkids*-opplegg, der dei skal få bli kjende med kyrkjerommet, kyrkjelogelet, kyrkjemusikk og liturgi. Opplegget skal avsluttast med deltaking på gudsteneste, der modellorgelet har ei rolle. Kyrkjemusikkavdelinga var ramma av sjukmelding heile våresemesteret, og med vakanse på hausten blei dette noko av i 2023.

### 6.9 GIVE ME FIVE (MINIKONFIRMANTAR) (ALDER: 10-11 ÅR)

*Give me Five* er eit trusopplæringstiltak for femteklassingar etter skuletid på fredagar i delar av skuleåret. Vi har 10 samlingar på hausten og 12 på våren, i tillegg til at dei deltar på ei gudsteneste haust og vår. Det er og mange frivillige som er med og bidrar i ulik grad.

Våren 2023 var det ca. 25 deltakarar, og hausten 2023 ca. 7 deltakarar.

### 6.10 FORDJUPING I BIBELGJENGEN (ALDER: 10-12 ÅR)

*Bibelgjengen* er eit alternativ for dei litt eldre barna når det er søndagsskule. Bibelgjengen hadde fire samlingar i 2023.

### 6.11 MESTERNES MESTER (ALDER: 12-13 ÅR)

Det var femte året *Mesternes mester* blei arrangert for 6. og 7. klasse. Dette er eit dagsopplegg som blei gjennomført inne på Nes menighetshus på Gvarv i år, sidan det var regnvær denne dagen. Vanlegvis er vi på uteområdet. Det var 21 deltakarar frå heile kommunen, 16 av dei var frå Bø sokn. 8 ungdommar (5 frå Bø) stilte opp som frivillige for å gjennomføre arrangementet.

### 6.12 KONFIRMASJON (ALDER: 14-15 ÅR)

Frå og med 2016 har konfirmantane i Bø kyrkjelyd vore med i *Ønsket og elsket* sitt konfirmant- og leiatreningsopplegg.

## Årsmelding Bø sokneråd 2023

46 konfirmantar var med på konfirmantleiren på sommaren. Konfirmantleiren var på Gjennestad i Vestfold i veke 26, første veka i skuleferien. Leiren vara frå mandag 26. juni til fredag 30. juni.

2 konfirmantar var med på *Pilgrimskonfirmant* fire laurdagar med Asgeir Sele.

I tillegg til konfirmantleir arrangerer *Ønsket og elsket* eit par andre samlingar for konfirmantane gjennom året. *Konf. kick-off* blir arrangert for nye konfirmantar kvar vår med aktivitetar og informasjon om kva det vil seie å vere konfirmant i Den norske kyrkja og Øvre Telemark prosti. *Konf. treff* blir arrangert i forkant av fasteaksjonen kvart år, med turneringar og informasjon om innsamlingsaksjonen og Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.

*Ønsket og elsket* er likevel ikkje berre for konfirmantar. Dei driv og leiartrening for ungdom. Tidlegare konfirmantar som ønskjer å vere ungdomsleiarar på leir blir med på eit eige leiartreningsopplegg med treffpunkt fleire gonger gjennom året. Dette var ein viktig grunn til at vi i Bø kyrkjelyd ønskjer å vere med på *Ønsket og elsket* sitt konfirmantprogram. Slik kan vi legge til rette for opplæring og utvikling av ungdomsleiarar som kan ha ein positiv påverknad på anna ungdomsarbeid i soknet. Frå hausten 23 var det 4 ungdommar frå Bø sokn som var med i leiartreningsprogrammet.

Ved å delta i *Ønsket og elsket* blir det noko færre lokale konfirmantsamlingar elles i året. Dette er ei sak med to sider. På den eine sida kan det vere positivt for konfirmantane og for rekrutteringa at det ikkje er for tett program gjennom året. På den andre sida står ein i fare for å misse noko av kontakten med eigne konfirmantar grunna færre jamlege treffpunkt gjennom året.

Ei utfordring vi alltid vil ha med oss: Korleis kan vi halde på det nære og personlege i konfirmanttida, og samstundes vere med på eit stort konfirmant- og ungdomsprogram som er attraktivt for dei unge og som bevarer dei som truande i kyrkjelyden.

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon blei gjort på vanleg måte med dør-til-dør-aksjon med hjelp av foreldre og nokre frå kyrkja som stilte opp. Takk til alle og til *Sparebanken din* som stiller opp. Samtalegudstenesta var i Bø kyrkje og konfirmantfesten blei halden på Bø bedehus i slutten av august, i regi av soknerådet. Konfirmasjonen var den første helga i september. Det var flest konfirmerte på laurdag med to stappfulle gudstenester, medan det var færre på søndag.

Konfirmasjonsundervisninga vart leia av soknepresten og i fem veker var stud.theol. Øystein Fidjeland med som konfirmantlærar då han var her i praksis. Mona Skruverud deltok som frivillig heile året og på leiren og var ei god støtte. Anne-Lene Refsum har også deltatt som frivillig. 4-5 foreldre var med på konfirmantleiren og gjorde ein solid innsats.

### 6.13 SETT-UNGDOM

*Sett-ungdom* er ein ungdomsklubb med kristen profil, open for alle frå 7. klasse og oppover.

Vanlegvis vert samlingane haldne på Bø bedehus. I tillegg prøvar vi å få til 2-3 turar i året.

*Sett-ungdom* er eit samarbeidsprosjekt mellom Bø Normisjon og Bø kyrkjelyd. Det er samling ein gong i månaden på laurdagar med 20-30 ungdomar til stades. Det er 40 betalande medlemer.

Styret består av ungdommane sjølv:

Leiar : Sigrid Josefine Østvold Haugsgjerd

Nestleiar: Gaute Bratland Solberg

Styremedlem : Henrik Romes

18. februar 2024

# Årsmelding Bø sokneråd 2023

Styremedlem : Isak Haugland

Styremedlem: Torje Benjamin Skalstad

Ungdomsleiar: Julie Marie Digranes Bøen hadde engasjement i Sett ungdom via Acta Telemark og blei sponse med 3000,- i mnd i vintermnd frå Normisjon i Bø fram til august 2023. Ho var til stade på alle leirer og lokale barne og ungdomsaktivitetar.

Axel Bugge vore kontaktperson for vaksenleiarane saman med Per Inge Bergem Håland, som har starta opp med å ha ansvar for informasjon på sosiale medier. Hallgeir Vreim er kasserar.

10 vaksenleiarar har vore med på samlingane i 2023. Vaksenstyret har hatt 4 styremøte.

## Aktivitet

Det har vore fleire ungdomssamlingar/turar: aking på Lifjell, aktivitetsdag på Sagavoll folkehøgskule, tur til Tusenfryd, grilling/bading, sup-brett padling på Norsjø, bowling og julebord på Jønnbu, i tillegg til fleire vanlege ungdomsklubbkveldar på bedehuset med leikar, pizza, brus og andakt. Samlingane er gratis for alle frå 7 klasse og oppover, men vi oppmodar dei å bli medlemmer av Normisjon.

Det har vore omlag ca. 20-25 ungdommar samla kvar kveld. Ei utfording har vore å få med konfirmantane.

## Frivillig innsats

Alle aktivitetane til *Sett-ungdom* er gjort med frivillig innsats av vaksne og ungdommar. Arbeidet blir leia og koordinert av sokneprest/ kapellan.

## 6.14 KORARBEID OG ORGELKLUBB

Barnekorarbeidet og orgelklubben fann tilbake til normalen i 2022, noko som var veldig godt for alt og alle! Vi opplever at to år med restriksjonar har påverka dei eldste barna, og vi må bygge opp litt på nytt med dei små, men barnekora og orgelklubben har god oppslutning med heile 167 barn frå 0-13 år som har vore aktive i kortare eller lengre periodar i løpet av 2022. I tillegg til dette har alle babyar og deltakarane ein føresett som også er medlem, så *Korskulen* er ein stor organisasjon, noko som blir lagt godt merke til også utanfor Bø. I 2022 deltok eit eller fleire av barnekora på til saman 7 gudstenester i Bø kyrkje, i tillegg til deltaking på påskekonsert og Lucia-morgon. Dei eldste i *Seltin* deltok i tillegg som forsongarar på alle gudstenestene i adventstida.

*Kyrkjekoret* starta året med innøving og påfølgande urframføring i Bø kyrkje av påskeverket *Pascha Iuvenalis*. Komponist Odd Johan Overøye og tekstforfattar Arve Brunvold var til stades på konserten. På hausten hadde Kyrkjekoret prosjekt saman med Seljord songlag, og til slutt julekonsert i Bø kyrkje. Til saman 73 unike songarar deltok i Bø kyrkjekor i løpet av 2022.

Det er organist Rolf Axelsen Lie og Grete Hasselgård Sele som leiar og driv alle tilboda i korskulen.

Både korskulen og kyrkjekoret har eige styre og eigne årsmeldingar. (Vedlagt soknerådets årsmelding.)

## 7 DIAKONI

---

### 7.1 DIAKONIUTVAL

Det har ikkje vore noko møte diaconiutvalet i 2023. Utvalet består av Inger Åse Sønstebo, Randi Prestbakken Hegna, Ulf Vege og Axel Bugge.

Av faste diakonale tiltak nemner vi:

1. Påske- og julegudsteneste på arbeidssenteret DRIV for psykisk utviklingshemma. Sommaravslutning på Jønnbu med gudsteneste i kyrkja. Grilling av pølser og servering av is og brus utanfor Jønnbu fjellkyrkje.
2. Andakter på sjukeheimen frå januar til midten av juni og heile hausten, i samarbeid med Normisjon og Soar. Andaktene er i kantina i 1. etasje for *Skjerma* og *Tanke*. Det positive i dette er at nesten alle frå Tanke-dagsenteret kjem på andaktene i kantina, men noko færre frå skjerma avdeling. I andre etasje er andakten i daglegstova i gangen. Diverre er det få eller nesten ingen som kjem frå omsorgsbustadene. Her hadde det vore fint om nokon frivillige frå kyrkjelyden hadde følgt eldre til andaktene.

Frå Normisjon stiller Ulf Vege (talar) og Øyvind Risa (organist). Frå Soar har det vore forstandar Dennis da Silva.

Før sommarferien blei det halde ein konsert med kort andakt i hageamfiet på sjukeheimen med organist Bruno Hageman, solist Grete H. Sele, på saxofon Christel Barlaup og sokneprest Anne-Inger Lunner.

3. Tidlegare fekk dei som fylte 90 år tilbod om blomar og besøk. Dette tiltaket har falle vekk.
4. Det er ein til to som har fast organisert besøksteneste i kyrkjelyden .
5. Diakoniutvalet deltok på fastaksjonen.
6. Diakoniutvalet deltok med pynting og serving for 50-års-konfirmantar på Bø prestegard.

### 7.2 TRU OG LYS

*Tru og lys* er eit gudstenestetilbod for psykisk utviklingshemma på søndagar i Tomaskapellet kl. 17. Det er ei lita gruppe som varierer med frå tre - sju brukarar med følgje kvar gong. Det var 5 samlingar i 2023, med nattverd, lystenning og kveldsmat. Organist har vore Øyvind Risa og Fernand Wyller på cello. Leiarar er Signe Vreim Østtveit, Bente Klokkehaug, Kari Eika og Axel Bugge.

### 7.3 KIRKENS NØDHJELP

I 2023 vart det innsamling til Kirkens Nødhjelp. Innsamlingsaksjonen for konfirmantane vart gjennomført og samla inn 36.422 kroner.



## Årsmelding Bø sokneråd 2023

### 7.4 BØNN FOR BYGDA

*Bønn for bygda* har samlingar kvar tysdag kl. 14.00-15.00 i Tomaskapellet. *Bønn for bygda* har ein fast bønneliturgi der målet er å be for og velsigna Bø-bygda og kyrkjas arbeid. Det har vore ei fast gruppe på ca. 2 -5 som har møtt trufast opp kvar tysdag leia av Anne- Lene Refsum.

## 8 MISJONSPROSJEKTET

---

Kyrkjelyden har dei siste åra hatt sitt misjonsprosjekt gjennom Normisjons misjonsarbeid i Kambodsja. Prosjektet *History-makers* har som mål å hjelpe unge menneske til å utvikle sitt potensial. Hovudaktiviteten er å gi unge frå fattige landsbyar ein trygg bustad på internat for å kunne studere.

Det var 6 takkoffer til misjonsprosjektet i 2023. Det har kome inn til saman **kr.29563,-** til misjonsprosjektet i 2023.

## 9 GIVARTENESTE

---

Vi samlar no inn til to tiltak, trusopplæring og ombygging av kapellet på Bøhaugen.

### Trusopplæringa i kyrka

Om lag 80 % av midlane frå givartenesta går til trusopplæringstiltak. Tilboda for barn og unge i kyrkja i Bø er aukande. Det er stor satsing på kor for alle frå 0 – 100 år, vi har faste samlingar for femteklassingar på *Give me five* kvar veke gjennom skuleåret, søndagsskulen har samlingar på mange av gudstenestene og det blir arrangert familiesamling i samband med gudsteneste på Jønnbu. Barnekora si Lucia-forestilling i kyrkja på morgonen kvar 13. desember har vore ein stor suksess dei siste åra. Konfirmasjonstida i kyrkjelyden er utvikla vidare med *Ønsket og elsket*, ei heil vekes leir saman med konfirmantar frå heile prostiet. Etter konfirmasjonstida kan ungdommane vere med på ungdomsleiar kurset i regi av *Ønsket og elsket*. Dette er eit viktig bidrag for dei eldste ungdommane, som saman med ungdomssatsinga Sett-ungdom i Bø gir eit heilskapleg tilbod for alle ungdommar.

Alle tilbod handlar om å skape trygge rom for barn og unge og gi dei meiningsfulle opplevingar. Bidraga til givartenesta hjelper oss med å sikre eit kontinuerleg og godt tilbod.

### Ombygging av kapellet på Bøhaugen

Ny garasje og nytt kyrkjekontor på Bøhaugen er no ferdigstilt. Mykje av kapellet har dermed blitt fristilt, slik at vi kan bygge om dette huset til å romme meir aktivitet på Bøhaugen. Målet for Bø sokn er å få på plass gode lokale til søndagsskulen, kyrkjekaffi, konfirmantarbeid, møte med meir.

Midt-Telemark kommune har dessutan behov for eit livssynsfleksibelt seremonirom og vi er i dialog om sambruk. Vi har allereie ein del av finansieringa til dette på plass, men vi har behov for eit betydeleg bidrag frå givartenesta i tida som kjem for å få dette fullfinansiert. Vi håpar at mange ser nytten av dette og vil vere med på å bidra til gode lokale for alle innbyggjarane.

## 10 KULTUR

---

I 2023 bar preg av at vi mangla organist, først med sjukmelding på våren. Organist Rolf Lie sa deretter opp stillinga si, då han takka ja til jobben som kyrkjemusikkar i Sjømannskyrkja, der han starta 1. oktober.

Dette blei likevel året der vi feira Korskulen sitt 25-årsjubileum med stor konsert i Gullbring kulturhus. Kyrkjekoret hadde konsert i mars med besøk frå koret *Ichthus* frå Stord, og julekonsert saman med *Telemark messingkvintett*. Orgelklubben sine elevar har bidratt på fleire gudstenester, og med spennande seminar og konsert i samband med Sommarlandfestivalen. Grete Sele har teke over som dagleg leiar av *Kirkelig kultursenter sør – KIRKUS*. Saman med Henrik Ødegaard, har Kirkus arrangert kveldssong i Nes kyrkje ca. ein gong i månaden både vår og haust i 2023.

I slutten av september arrangerte korskulen avskjedskonsert for Rolf Lie, og det blei eit mektig kor med både Minikoret, SingLett, Seltin og Kyrkjekoret i felles song! Orgelklubben deltok også.

Andre arrangement: I slutten av april var det korkonsert med Ung Kirkesang sitt kor SØK saman med strykekvartett. Dei framførde *Stabat Mater* av Pergolesi. I desember var det den tradisjonelle samarbeidskonserten med Bø musikkråd: *Me syng og spelar jul a inn*, julekonsert med Mona Skruverud m/band, og romjulskonsert med Johanne Møllerbråten og Sindre Bakkåker, som også hadde med seg ein gjeng frå Soul-children.

## 11 RÅDSARBEID

---

### 11.1 SOKNERÅDET

Soknerådet har i 2023 bestått av følgande medlemmer fram oktober 2023:

Leiar: Ulf Bruno Vege

Nestleiar: Randi Hegna Prestbakken

Medlem: Nils Ivar Agøy

Medlem: Ruth Hogstad Erikstein

Medlem: Ruth Olaug Telnes

Medlem: Jan Nikolai Boye

Medlem: Turid Nærdaal Haatveit

Medlem: Bjørnar Nesje

Sokneprest: Axel Jørgen Bugge

Varamedlem: Geir Sønstebø

Varamedlem: Anna Katarina Persdotter Miland Thomsen

Varamedlem: Bente Klokkehauge

Varamedlem: Anne-Lene Refsum

Varamedlem: Yngve Stokstad



## Årsmelding Bø sokneråd 2023

Etter kyrkjevalet i september ser soknerådet slik ut:

Leiar: Ulf Bruno Vege  
 Nestleiar: Gry Hege Vreim  
 Medlem: Ruth Hogstad-Erikstein  
 Medlem: Kristian Gotehus Køhn  
 Medlem: Ingunn Skalstad  
 Medlem: Kjerstin Midtbø  
 Medlem: Nils Ivar Agøy  
 Medlem: Olav Haugestøl  
 Sokneprest: Axel Jørgen Bugge  
 Varamedlem: Anne-Lene Bjørum Refsum  
 Varamedlem: Anna Katrina Persdotter Miland  
 Varamedlem: Bente Klokkehaug  
 Varamedlem: Audun Østtvit

### 11.2 ARBEIDSUTVAL

Arbeidsutvalets viktigaste oppgåve er å planlegge soknerådsmøta og handtere hastesaker. I utvalet sit leiar, nestleiar, sokneprest og kyrkjeverje. Det har vore møte etter behov.

### 11.3 KYRKJELEG FELLESRÅD

Fellesrådet som representerer både Sauherad og Nes sokn og Bø sokn har desse representantane ut november 2023: Bjørnar Nesje (leiar), Tora Skjerkholt Aarnes (nestleiar), Ruth Hogstad- Erikstein (medlem), Åge Bjørnerud (medlem), Nils Ivar Agøy (vara), Jan Nikolai Bøye (vara), Kjersti Versto Roheim (vara), Astrid Grøthe Blaasvær (vara), Asgeir Sele (prost), Anne-Inger Lunner (vara kyrkjeleg representant), Borgar Kaasa (kommunens representant) og Mette Haugholt (kommunens vararepresentant).

Fellesrådet som representerer både Sauherad og Nes og Bø sokn har frå 1. desember 2023 desse representantane: Åge Bjørnerud (leiar), Nils Ivar Agøy (nestleiar), Trond Haugen (medlem), Olav Haugestøl (medlem), Ruth Hogstad-Erikstein (vara), Kristian Gotehus Køhn (vara), Torunn Hesthag (vara) og Tone Haukvik Grave (vara), Anne-Inger Lunner (sokneprest), Axel Jørgen Bugge (vara kyrkjeleg representant), kommunens representant er Asbjørn Botnen med Tom Inge Lund som vara.

### 11.4 UTVAL

I 2023 har Bø sokneråd hatt fylgjande utval: trusopplæringsutval, gudstenesteutval, diakoniutval, kulturutval (saman med Sauherad og Nes) og givartenesteutval.

## 12 INFORMASJONSARBEID

---

For å drive eit aktivt kyrkjelydsarbeid er det naudsynt med god informasjon til dei som ønskjer å nytte tilboda kyrkjelyden har. Vi informerer i hovudsak gjennom annonser i Bø blad, nettsida vår [www.bokyrkje.no](http://www.bokyrkje.no), Facebook, kulturguiden for Midt-Telemark og oppslag ved kyrkja. Informasjon om trusopplæringstiltak blir som regel sendt ut via post i tillegg til nettsida. For å informere frivillige brukar vi sms og e-post. Påmelding til dåp og konfirmasjon skjer via heimesida eller ved telefonkontakt.

### 12.1 BØ KYRKJEBLAD

I 2023 blei det gitt ut fire nummer av *Bø kyrkjeblad* på 28 sider, med eit opplag på 3.300 nummer som blir distribuert av 30 frivillige. Kyrkjebladet blir tatt godt imot og lese av mange. Bladet krev ein ekstra dugnad av frivillige ombererer og av redaksjonen som er på 4 personar. Det har vore lett å få til annonsørar og mange støtter bladet økonomisk, men bladet går med eit underskot på om lag 5000 kroner i året.

## 13 PERSONAL OG ØKONOMI

---

### 13.1 FELLESRÅDSTILSETTE

- Martin Stærk, kyrkjeverje i 100 % stilling har sagt opp stillinga etter permisjonstida. Alf Rose Sørgaarden var tilsett som vikar i kyrkjeverjestillinga ut juli. Angelika Faber blei tilsett som ny kyrkjeverje 1. august. Kyrkjeverjestillinga dekker både Bø sokn og Sauherad og Nes sokn.
- Rolf Axelsen Lie, organist/korleiar/dagleg leiar KIRKUS i 100 % har sagt opp stillinga frå 1. oktober.
- Dagne Mo, saksbehandlar i 70 % (40 % lagt til fellesrådsoppgåver).
- Håkon Holtar, kyrkjegardsarbeidar i 60 %.
- Per Johan Norvik, kyrkjetenar i 67 %.
- Håkon Mæland, kyrkjetenar i 5,6 %.
- Grete Sele, korleiar og trusopplærar i 60 %, har tatt over dagleg leiar i KIRKUS 20 % og eit vikariat i korleiing i 20 % frå 1. oktober. Ho har også vikariert i same stillingsprosent under sjukmeldingsperioden til organisten.
- Signe Vreim Østtveit, trusopplærar i 20 %.
- Jorunn Kaasa hadde midlertidig engasjement som sekretær 20 % i KIRKUS fram til 31. juli.
- Henrik Ødegaard hadde midlertidig vikariat som daglig leder i KIRKUS 20 % 17.02.-30.06.
- Eva Mo, renholder 5 %
- Daniela Musteata, renholder 6 % stilling



# Årsmelding Bø sokneråd 2023

## 13.2 ØKONOMI

Rekneskapen for 2023 viser eit mindreforbruk på 28.351 kroner fordelt på dei einskilde avdelingane. Givartenesta og offer til trusopplæringa har bidratt med 142.885 kroner, medan kapellprosjektet samla inn 25.866 kroner. Alt i alt blei det samla inn 482.263 kroner til ulike formål.

Når ein ser på dei enkelte avdelingane, går trusopplæringa i overskot med 66.470 kroner, medan konfirmantarbeidet går i underskot med 62.169 kroner. Diakoni hadde ikkje utgifter i 2023, Gudsteneste har hatt eit lite meirforbruk på 2.039 kroner, *Tru og lys* eit meirforbruk på 1.500 kroner og soknerådsarbeid hadde eit lite mindreforbruk på 704 kroner.

Bø, den 20.02.2024

Ulf Vege, leiar

Gry Hege Vreim, nestleiar

Ruth Hogstein Erikstein

Kristian Gotehus Køhn

Ingunn Skalstad

Kjerstin Midtbø

Nils Ivar Agøy

Olav Haugestøl

Axel Bugge, sokneprest

